



Musikklaget Ekko

50 år.



1953-2003



Kjære musikkvenner!

Musikklaget Ekko feirar 50 års jubileum i år. Ein av intensjonane med å starte musikkorpset i 1953, var at det skulle vere til glede for bygdefolket. Noko som vi håper og trur at korpset har lykkast med. Musikklaget Ekko har ein musikalsk og sosial profil som er godt kjent både i bygda og omegn.

Drivkrafta i det musikalske aspektet har heile tida vore å nå stadig høgare mål. Men kva målet er og korleis kome dit er alltid eit diskusjonsspørsmål. Noko som har ført til at ein prøver stadig nye utfordringar. Dette har vi gjort fleire gongar ved å knytte til oss dyktige samarbeidspartnarar som ballettdansarar, song- og instrumentsolistar, kor og korps, samt at korpset sjølv meistarar stadig nye utfordringar. Derfor er det spanande og kjekt å spele i korpset.

Vi i korpset er ein munter og humørfylt gjeng som har det triveleg saman. Det ser vi som like viktig som spelegleda. Musikk og humor i skjønn harmoni er varemerke for Musikklaget Ekko.

Å drive eit korps er dyrt. Instruksjon, instrument, uniformer, effektar o.a. krev kvart år store summar. Vi set difor umåteleg stor pris på den støtta vi får av

bygdefolk, næringsliv og kommune. Hadde det ikkje vore for økonomiske bidrag så ville det vore umogleg å drive korpset. Vi vil gjere merksam på alle våre annonsørar i jubileumsheftet vårt og oppfordrar alle til å nytte desse ved høve.

Vi vil også nytte høve til å takke våre støttemedlemmar og vårt trufaste publikum. Vi i Musikklaget Ekko håper at vi gler dykk på same måte som de gler

oss ved å kome til arrangementa våre.

Vi i styret vil takke alle aktive utøvarar i Ekko som trufast møter opp på øving og arrangement, samtidig som vi vil rette ein stor takk til dei heime.

Laurdag den 21.desember er det atter Julenattine i Indre Sula Kyrkje med vakker julemusikk som gir oss den rette julestemninga. Over nyttår blir det ulike konsertar og etter ein tradisjonell 17.mai feiring kjem ein snart like tradisjonell Gla'dag. Samarbeidet med Solevåg skulekorps er svært viktig for Ekko og vi ønskjar skulekorpsmusikantane velkomne i Ekko ved nådd aldersgrense.

Vi ønskjar alle venner av Musikklaget Ekko velkomne til våre arrangement!

Beste helsing styret 2003-2004
v/ leiar Gunn Bente Ertesvåg



Musikklaget Ekko – 50 år

Opp gjennom tidene har det blitt sagt mange treffande ord om ein 50 åring:

- 50 år – det er no ingen alder
- 50 år – det er "middagshøgda" i livet
- 50 år – det er no livet tar til

Kanskje kan vi seie det same også om dagens jubilant, Musikklaget Ekko? Det er heilt sikkert galt å seie at ein kulturinstitusjon på 50 år ikkje har grunn til å vere stolt av alderen sin. I den hektiske tida som vi legg opp til, vert det stadig vanskelegare å rekruttere både nye utøvarar og nye leiarar. Dette har sikkert også Musikklaget Ekko fått erfare. Difor er det ikkje alle korps og musikklag som opplever å få feire denne åremålsdagen. Men Ekko har vore eit bevis på at dersom ein har eit godt farty (det vil seie eit godt og oppdatert repertoar, og eit lag med sterke røtter i lokalmiljøet), eit godt mannskap (ivrige og stabile musikarar) og ein stabil skipper(!), så kjem skuta gjennom leia i nær sagt all slags ver.

Stå på, Ekko, for dykk er 50 år ingen alder!!

Med 50 år "på baken" har dei fleste av oss opparbeidd så mykje livserfaring, at vi taklar dei fleste utfordringane i livet. Vi har fått eit gangsyn, som fortel oss kvar vegen skal gå og kan gå vidare- vi er blitt så pass tjukk i huda, at vi toler dei fleste angrep frå dei fleste hald, og vi har fått ei slik respekt for innsatsen vår at

omverda tek oss på alvor. Dei 50 åra som Ekko no har lagt bak seg, kan brukast som ein lyskastar for verksemda i dei kommande åra.

Stå på Ekko- det er mykje godt som kjem etter middagen!

Det er grenslaust viktig å feire dei første 50 åra. Det gir høve til å demonstrere livskraft og vitalitet og von på framtida. Desse 50 første åra skal de bruke som eit sprangbrett til å nå stadig nye og høgare mål for Musikklaget Ekko- kulturinstitusjonen som har sitt grunnlag i den delen av kommunen med størst utviklingspotensial.

Stå på Ekko- det er frå no av at livet tar til!

Sula kommune er glade og stolte over å huse eit musikklag som Ekko. De gjer ein framifrå innsats for å gjere Sula kommune til ein berande kulturkommune- ein kommune som skal bli enno betre for innbyggjarane å bu i.

*Mange gode
helsingar frå Sula
Kommune
v/avtroppande
ordførar*

**Egil Weltzien
Holst**



Dirigentar i Musikklaget Ekko

1953 – 2003

Dirigent 1954-1959: Trygve Myrvoll

Korpset sin første dirigent var ein dugande barytonspelar frå Musikklaget "Brage", og svoger til Johan og Olav Solevågseide. Trygve Myrvoll gjorde mykje av "grovarbeidet" i oppstarten, med både enkeltopplæring og samspel.

Dirigent 1959-1984: Johan Solevågseide

Johan sin musikalske bakgrunn var som trombonist i korpset. Han leia korpset dei neste 25 åra, ein periode med sterk utvikling, både musikalsk og besetningsmessig. Korpset deltok på ei rekkje stemner rundt om i bygd og by, og sto for mange arrangement sjølve også.

Dirigent 1984-1999: Perry E. Arntzen

Perry likar å kalle seg ein amatør. I dette legg han ein som har *glede* som drivkraft, og det er **musikk** han er glad i!



Han har spela munnspele, fløyte og saksofon, og har vore med i både Symfoniorkesteret og Ungdomsmusikken i Ålesund. Han vart huka av Alf Lervåg til å dirigere Ekko då han var på Solevåg skule som instruktør for fløytistane Aashild og Anita. Med stort engasjement dirigerte Perry Ekko i 15 år. Perry var spesielt oppteken av at korpset knytte til seg ressurspersonar utanfrå. Ekko kan nok takke Perry for at personar som Bjarte Engeset, Nils Jørgen og Berit Hummelsund, Anne Standal, Kjell Kipperberg og Yngve Espedal er blitt

engasjerte, musikarar som har vore viktige for korpset si utvikling. Perry var også den som stod bak då Harald Grytten blei engasjert.

Dirigent 2000-2003: Carlos Alberici

Carlos er musikk lærar ved Ålesund



Musikk skule. Slagverk er hans hovudinstrument, eit instrument han trakterer som få! Elles har Carlos eit godt hjarte for paukene! Carlos vaks opp i Argentina, i ein heim med mykje song og musikk. Som freelance-musikar gjekk vegen frå Sør-Amerika, via Frankrike til Noreg. Carlos' evner innanfor rytmikken, har vore viktig for Ekko i denne perioden, her har korpset klart heva seg. Elles uttrykkjer Carlos spesielt gleda det er å vere med frå start til mål i ein musikalsk skapingsprosess, frå den første innøving til fullendt framføring.

Dirigent 2003- : Arne Sæther

Arne er musikk lærar ved Ålesund Musikk skule,



og hans hovudinstrument er klarinett. Vi ser alt no at Arne Sæther kan føre Musikk laget Ekko endå nye steg vidare i ei positiv musikalsk utvikling.

Musikklaget Ekko

1953-2003

Byrjinga

Det hadde lenge vore eit sagn i bygda å ikkje ha eige musikkorps, spesielt på 17. mai, men også ved andre høve. Då Per Ramnefjell, leiar i 17. mai-komiteen 1953, takka Musikklaget Brage for spelinga på nasjonaldagen, la han til "...at neste år reknar vi med at vi er sjølvhjelpete med musikkorps". For på same tid som 17. mai-arrangørane stadig klarare såg behovet for eit korps i bygda, var musikkinteressa tend hos fleire ungdomar i bygda. Brørne Leiv og Kåre Hove, på gitar og trekkspel, hadde alt spelt dansemusikk ei tid, saman med Alf Lervåg på trompet. Dei spelte mest for eiga hygge, men deltok også i offentleg samanheng. Johan Solevågseide hadde fått kjøpt seg ein trekkbasun, og Olav Solevågseide flytta tilbake til heimbygda etter nokre år i Vestnes. Der hadde han spelt trompet i musikkorps. Samtidig var

hornmusikkinstruktør Willy With i Mauseidvåg, og heldt notelære. Her lurte ein og annan Eidsneskar seg med, og lærte seg skilnaden på

"kryss" og "b", - pluss litt til. Dette var i grove trekk det musikalske grunnlaget som låg føre då desse ungdommane, og nokre til, kom saman for å starte korps. Skipingsmøtet vart halde i småsalen på bedehuset 31. mai 1953. Utanom dei aktive, var Per Ramnefjell til stades og leia møtet. Johan Solevågseide vart første formannen, og dei fekk lovnad på at



Trygve Myrvoll kunne dirigere det nystarta korpset.

"- ...og ein hadde kjensle av at med dette tiltaket tok ein på seg både ansvar og ikkje so lite offer både med omsyn til tid – til øving og pengar til kjøp av blåseinstrumenter. Det er då å vone at tiltaket vil lykkast til glede og ære for korpset og hugnad for bygdefolket."
(frå protokollen)

Eit forsøk på å skaffe pengar i starten, slo ikkje heilt til! Dei la ut lister på dei to butikkane i bygda, der dei ba om pengar til kjøp av instrument. Resultatet var 20 kr! Dei tinga likevel instrumenta, og betalte av eiga lomme. Prisane låg mellom 200 og 500 kr. Avtalen var då at korpset eventuelt skulle løyse inn instrumenta når økonomien gjorde det mogleg. Det var messinginstrument og trommer som blei kjøpt inn i starten. Etter ei tid med øving, kom den første framføringa, på ein fest på Bedehuset.

"Så tok vi til å tenkje på 17. mai, og la alt vi kunne i og vera i stor trim, så vi spela

marsjar både seint og tidleg. Vi gjekk og marsjerte både ute og inne på de mest utenkelege plassar. Så folk trudde vi hadde blitt idiotar av heile greia, men det tok vi ikkje omsyn til. Vi gjekk berre på med dødsforakt. Så når

17.mai kom var vi i god trim."

17.mai 1954 stilte Musikklaget med nye uniformer; kvit bukse, kvit lue og mørk trøye. Jonsok 1954 arrangerte Ekko ei tilstelling på Støleskaret, med musikk og lek kring bålet, samt utlodding. Den 18.

august same år, tok Ekko del i innviinga av nye Solevåg skule.

Første ferien

At entusiasmen var stor, og at øvingsiveren var til stades, kan vi klart lese ut av protokollen. Der står det at første "ferien" på ein heil månad tok dei i 1957! Då hadde dei heldt det gåande med øving frå ein til tre kveldar i veka heilt sidan starten!

"Å, kor ej har leita"

Korpset brukte mykje av sine eigne krefter til å instruere utanom dirigenten, men ofte ser vi at Willy With er innom øvingane. Vi les i protokollen: *"...det er nok ingen tvil om at det ikkje skadar å få nye impulsar. Dessutan har ein utanforståande lettare for å peike på ymse unotar og feil som det er so lett å leggja seg til."*

Musikklaget oppretta også kontakt med den kommunale musikkinstruktøren i Borgund, men utan at han dukka opp. Det står å lese i protokollen: *"Det kom til eit kvast ordskifte om korleis ein skulle få tak i "karen". Enkelte meinte at "kjilenot" måtte brukast, andre meinte "ruse" var betre".* Snart eitt år var gått utan at karen hadde synt seg! På ei fredagsøving dukka han opp med desse orda: *"Å, e det her dåkke holde til, - å kor e har leita!"*. Orda kom nok litt forkjært, og det vart lite instruktørhjelp av denne karen.

Hausten 1963 starta Ekko opp med eigen aspirantgruppe, og i 1971 var mange av musikantane i Musikklaget Ekko sentrale i skipinga av Solevåg Skulekorps.

Dei første åra

Første åra spela korpset på dei fleste festar og konserter på Bedehuset. Det har i alle år vore eit godt samarbeid med

ulike foreiningar og med Helselaget. Fast tradisjon var det og å vere med på julekonserter i Borgund kyrkje og i Langevåg kyrkje, og korpset spelte også for dei eldre på Borg gamleheim og Haug behandlingsheim før jul.

Første speleoppdrag utanfor heimbygda, var då det kom invitasjon til å spele på Hankane 17. mai 1955.

Musikklaget Ekko skipa til jonsokmoro i bygda i mange år, med musikk og anna underhaldning. Det var leik kring bålet, sketsjar og dansemusikk.

Den første underhaldningskvelden var i 1963 i skulekjellaren på Solevåg skule, med musikk, opplesing, kåseri og ei original oppfinning av fargefjernsyn! Ekko var allsidige, og spela etter kvart mange stadar. I avisreferatet etter fotballkampen mellom Mauseidvåg og Aksla i 1965, kunne ein lese: *"...det var Ekko som sto for det beste spelet, i kampen som enda 0-0!"*. Fotballspelet var tydeligvis så som så!

Juledagsmorgon

Ein tradisjon som varte i 13 år, var speling juledagsmorgon på ulike stader i bygda. Ekko leigde ein lastebil til å frakte seg rundt, og på denne måten fekk bygdefolket servert høgtidstemte juletonar utanfor stoveglaset. Veret var naturleg nok ikkje alltid det beste, så fastfrosne ventilar skapte av og til problem for musikkantane! I protokollen frå 1965 les vi at det var 7 minusgrader! Det varma likevel når folk kom ut på trappa, og synt at dei sette pris på musikken. Etter rundturen var det samling heime hos ein i korpset, - då smakte det godt med kaffi og julekaker.

Musikkstemner, sosiale turar og festar
Første turen Ekko arrangerte, var allereie i 1954, då bygdefolk også vart bedne med. Passasjerbåten "Suløy" sørjde for trygg transport av omlag 50 personar, til Øye og Fivelstadhaugen.

I protokollane står der mykje å lese frå dei ulike turane. Frå 1972 les vi at sidan det var så kort veg til stemne (Langevåg), var det ønske frå medlemmane om ein litt lengre tur. Med fruer og instrument vart Spjelkavikruta lasta opp, og turen gjekk til Loen, der overnattinga gjekk føre seg i campinghytter. På Grodås var det ein liten stopp, og korpset stilte seg opp og spelte. Frå Loen kan vi lese: *"...det kunne sikkert skrivast mange sider om denne turen, men for å ta med det viktigaste, spela Ekko under gudstenesta i Nedstryn kyrkje, og for mange "dollar-turistar" som tilhøyrarar framfor Hotell Alexandria".*

Frå turen i 1975, til Harpefossen fjellhytte står det; *"Å skrive om denne turen er ei vanskeleg oppgåve, for då vil det bli ein heil roman. Veret var det aller beste og turen må i sin heilheit betegnast som særst vellykka".*

Dette er svært dekkjande for mange av dei turane og stemna som Ekko tok del i. Korpsmedlemmane har alltid vore godt samansveisa, og trivselen har vore stor. Etter protokollane har Ekko vore med på 32 stemne. To av desse har Ekko arrangert sjølv. Eit fast arrangement gjennom desse åra har også vore "Ekko-fest". Dette er festlege samkome, med middag, underhaldning og dans. 27 gonger har desse festane vore arrangert, for medlemar, støttemedlemar og andre inviterte.

Musikklaget Ekko sine årvisse arrangement

I januar 1971 vart gymsalen ved Solevåg skule tatt i bruk. Med dette hadde korpset fått nytt øvings- og konsertlokale. Allereie i mars same året, skipa Ekko den første av ei lang rekke underhaldningskveldar her, med sketsjar, visesong og god musikk.

I oktober 1980 spela Ekko til vigslinga av kyrkjegarden ved Indre Sula Kyrkje, i sludd og nordvest kuling! Sjølve kyrkja vart ferdig fire år seinare. I dette høve vart "Jubelveka" ein realitet, ei fast, årleg konsertveke i kyrkja, kring datoene for vigslinga. Her var Ekko medarrangør, og deltok med konsert ein av kveldane. I 2000 fekk kyrkja sitt nye orgel, noko som også blei markert med ein fin og stemningsfull konsert.

1994 var eit spesielt aktivt år! Ekko starta då med heile 3 ulike arrangement, som skulle bli faste årlege innslag! Dette var "Julenattene" i Indre Sula kyrkje, "Bygdekveld" og "Gla'dag".

Ni Bygdekveldar har det vorte til no, og på fleire av desse har Harald Grytten vore programvert. Frå Sulaposten i 1996 les vi: *"Bygdekvelten i Solevåg var spekka med humor, musikk og song. Her blei det harselert over politiske tema, lokalpolitikarar og kommuneadministrasjon. Publikum fekk møte Ekko i storform og eit unikt*



lysbiletekåseri med Harald Grytten. Skjemt og alvor i fin blanding, og nok ein suksess for Bygdekvelten".

"Gla'dag" på Indre Sula, med Ekko og Solevåg skulekorps som arrangørar, er blitt den viktigaste inntektskjelda for

begge korpsa. Dette arrangementet krev stor innsats, både på førehand, under sjølva arrangementet, og etterpå. Messeområdet, med veggar, scene og danseplating, blir bygd opp av sjølvbygde element. "Gla'dag"- avisa blir distribuert på førehand, og sjølve dagen blir avvikla med mellom anna salsboder, tombola, kafetelt, - og med mykje og variert underhaldning. Eit av dei mest spektakulære innslaga på "Gla'dag", var i 1997, då ein gamal bil vart løfta 15 meter opp med ei mobilkran, og så slept i bakken med eit brak! Brannvesenet demonstrerte så korleis dei kan klippe vraket i småbitar raskt og effektivt! "Gla'dag" avsluttast med dans i friluft utover kvelden og natta!

Korpscup

Dirigent Perry E. Arntzen var pådrivar for at Ekko skulle delta i "Korpscup for janitsjarkorps", ein cup som blir arrangert av NMF i Møre og Romsdal. Ambisjonane var ikkje så store, men korpset ønska å kome seg meir ut av heimbygda, og det kunne vere spanande å eit konkret musikalsk mål å strekke seg mot. Første deltaking var i Fagerlihallen i 1993. Ekko enda då på 5.plass i 3. div. Frå arrangementet i Fosnavåg hausten – 95, vart det flira litt av ein småstressa dirigent Perry, som dukka opp med ein brun og ein svart sko!! Han meinte etterpå at det løyste opp litt av den spente stemninga, og korpset gjorde det også bra; ein god 3. plass! I 1997 var cupen på Åndalsnes, og her vart

det 2. plass, berre 2 poeng bak Hasund og Dimnøy Ungdomskorps. Høgdepunktet kom likevel i 1999, då Ekko slo til med siger i 3. divisjon!! Arrangementet var dette året i Molde. Både musikk og "sceneshow" fekk mykje positiv omtale! I 2001 stilte Musikklaget Ekko i 2.divisjon i Ålesund Kulturhus, og då vart det 5. plass. Dette var førebels siste deltaking. Korpscupen blir no arrangert fast i i Ålesund Kulturhus. Dette sikrer god kvalitet på konsertlokalet, men ein misser kanskje litt av det sosiale aspektet, når arrangementet er såpass lokalt.

Ekko, Kulturprisvinnaren 1998

Å få Sula kommune sin Kulturpris, var ei stor ære for Musikklaget Ekko! Det synlege beviset var ein fin diplom, samt 7000 kroner inn på konto. I grunngjevinga frå juryen heiter det mellom anna at "*Ekko fyller til fulle hovudvilkåret i prisen, nemleg "- ein vedvarande evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats utover det vanlege."* Musikklaget Ekko held ein god musikalsk standard. Korpset har også teke initiativ til mange spanande musikalske samarbeidsprosjekt opp gjennom åra. Korpset engasjerer seg aktivt i lokalmiljøet på mange måtar. Samt det viktige arbeidet som medlemmar i Ekko har gjort som instruktørar for Solevåg skulekorps". Musikklaget Ekko, ved leiar Jarle Lervåg, mottok



prisen på kommunestyremøte på Friheim, og korpset kvitterte med å spele eit par nummer.

Allsidige "Ekkoistar"

Det nye stollageret ved gymsalen på Solevåg skule vart tatt i bruk i 1999. Bygginga kom i stand etter initiativ frå medlemmer i Ekko. "Gje oss material, så skal vi bygge, utan annan kostnad enn byggetilfanget", var meldinga Sula kommune fekk frå musikkantane i Ekko.

Ein dugnadsgjeng sette då i gang, med Helge Lervåg som primus motor. Han teikna og prosjekterte tilbygget, og fungerte som arbeidsleiar.

Arbeidet var verdsett til om lag 40.000 kroner, eim kostnad Sula kommune vart spart for. Å "møblere" gymsalen til konsert og andre arrangement, går etter dette som ein leik, i høve til slitet mange ryggar blei utsette for tidlegare!

Samarbeid

Ekko har hatt svært mange samarbeidspartnarar gjennom 50 år, og fleire av desse er blitt korpset sine "vener for livet". Å planleggje og gjennomføre arrangement saman med andre, er spanande, og ein kan vel seie at det *krydrer* korpsaktiviteten. Det vil føre altfor langt å nemne alle samarbeidsprosjekta Ekko har hatt gjennom åra, men ein ting er sikkert; spennvidda har vore svært stor! Samarbeid med andre kor og korps har

det vore mykje av, og dette er for så vidt naturleg. Den årlege samarbeidskonserten med korpsa i Sula kommune er eit døme på dette, eit arrangement som har vore fast sidan 1977! Meir spenstig var det å jobbe saman med t.d. Ålesund Ballettskole! Likeså prosjektet saman med skulekoret på Solevåg skule, eit prosjekt der målet var å framføre eit potpourri av gamle, gode skulesongar.

Viktigaste samarbeidspartnar er uansett



Kai, Harald, Helge, Alf og Hallgeir godt fornøgd med nytt lager.

Solevåg skulekorps! Dette samarbeidet er svært viktig, ikkje minst med tanke på rekruttering. Utan eit levande skulekorps i bygda, er det vanskeleg å få nok tilvekst til korpset. Ekko ser det som ei av sine viktigaste oppgåver å hjelpe til

med skulekorpsarbeidet.

Av einskildpersonar må Harald Grytten nemnast, likeså ekteparet Nils Jørgen og Berit Hummelsund. Desse har vore til stor hjelp for Ekko i mange høve gjennom dei siste åra!

Etterord

Musikklaget Ekko er ein livskraftig og oppegående 50-åring, som ikkje er redd for å prøve nye ting, og gå nye vegar. Med ei historie korpset har god grunn til å vere stolt over, må blikket likevel rettast framover, til nye utfordringar, nye mål. Dei gode minnene, dei gode opplevingane, legg eit godt grunnlag for arbeidet framover. Med musikkglede og entusiasme til stades, er det då lite som tyder på at dette blir det siste jubileet for Musikklaget Ekko!



Vi takkar annonsører og støttespelarar for all støtte.

Advokat
Knut-Asbjørn Solevåg

Kontortelefon.....70109390
Telefax70109391

e-post : advokat@solevag.no

Kongens gate 2.
Postboks 372 Sentrum
6002 Ålesund

**BYGGMESTER
OVE ARNE SOLEVÅG**

6037 EIDSNES

OLAV O. SOLEVÅG

Tlf. 70 19 48 85 / 70 19 00 63

Mob: 90 50 37 70 / 90 13 84 63

Epost: solove@c2i.net




– fagkunnskap gir trygghet.



E:elfag

HM Elektro AS

Molværvegen 14, 6030 Langevåg



REVISJONSFIRMAET
Andresen og Bolstad AS
STATSAUTORISERTE REVISORER
Postboks 40, 6037 Eidsnes

- Revisjon
- Skatte- og avgiftsrådgjeving
- Rådgjeving ved start av verksemd
- Anna rådgjeving innan økonomi m.v.

Vi legg vekt på god kontakt
mellom revisor og kunde.

TA GJERNE KONTAKT FOR EIN UFORMELL SAMTALE.

Besøksadresse: Sunde, 6037 Eidsnes.

Tlf. 70 19 97 80 – Fax 70 19 97 81

Bygg Vest as

● Trelast ● Byggevarer ● Dører ● Vinduer ● Kjøkken

FORHANDLERE AV VESTLANDSHUS

Vi er behjelpelig med opptegning og beregning av nybygg, tilbygg og reparasjoner

Interiørhuset

Boks 8080, Spjelkavik

Kanalveien 17, 6022 Ålesund



JOSTEIN STRANDMAN

Tannlege MNTF
Bindheimsenteret
P.b. 9204 Veggund - 6023 Ålesund
Tlf. 70 14 18 55



Kai Røbekk

GRAVING - SPRENGNING

Tlf./Fax 70 19 03 95 - Mobil 948 22 415
6036 Mauseidvåg



TLF. 70 19 40 04 – 6030 LANGEVÅG

• Live Rikstoto med spenning hver kveld • Tipping -
Lotto - Skrapelodd • Storkiosk • Video- og DVD-filmer
• Gatekjøkken • Husets vin (vi har alt for å lage god vin)

ÅPENT ALLE DAGER KL. 10.00-23.00

Sjøbuda Sunde

v/ Solevåg fergekai –
Tlf. 70 19 85 85 – Fax 70 19 85 86

KOLDTBORD

hver søndag fra kl. 13.00 til 18.00
m/varmbuffet, kaldbuffet, dessertbuffet og kaffe
Kun kr 170,- pr. pers. Pensjonister kr 120,- barn
5 – 12 år halv pris. Barn under 5 år gratis.

JULEBORD

NB! Fra 14. nov. starter vi årets Julebord-sesong:

Ukedager:	Julebuffet	Kr 200,-
	Julebuffet m/ dessert og kaffi	Kr 250,-
Fred. og lörd.:	Julebord m/ dessert-kakebord, + dansemusikk kl. 22-02	Kr 350,-
	Julebord/overnatting	Kr 650,-



WEST INNREDNING AS

Sundeveien
6037 Eidsnes

Tlf. 70 19 95 20 – Fax 70 19 95 21



SULA KOMMUNE

6039 Langevåg

**Kulturkommunen Sula gratulerer ein av sine
mest markante kulturberarar med dei første 50 år!**

Sport - Fiske - Fritid - Sykkel - Hagemaskiner

Serviceverkstad



Langevåg Sportscenter AS

6030 Langevåg

Telefon/Telefax 70 19 27 15

Musikklaget EKKO 50 år

Besetning i jubileumsåret

Dirigent: Arne Sæther

Tuba:

Audun Bjørge
Stig Vidar Ertesvåg
John Lervåg

Baryton:

Kåre Hove
Leiv Hove
Kjell Skodje

Trombone:

Vidar Bjørge
Geir Ove Vegsund
Leif Ødegård
Odd Arne Lervåg

Horn:

Linda Hofseth
Helge Lervåg
Johan Solevåg

Trompet/Kornett:

Alf Lervåg
Jarle Lervåg
Geir Lervåg
Hallgeir Måseide

Saksofon:

Monica Lervåg
Gunn Bente Ertesvåg
Kai Hove Sunde
Svein Kåre Sunde

Fløyte:

Åshild Eikrem
Anita Lervåg
Therese Solevåg

Klarinett:

Harald Gjøsund
Øyvind Hove
Olav Solevåg
Kjetil Rasmussen
Hans Otto Lervåg
Mariann Urke
Roy Ove Lervåg (basskl.)

Slagverk:

Freddy Larsen

Bilde Ekko

Bilde Ekko



17. Mai 2003

Nausthaugen



Vi gratulerer med jubileet.

Johan R.Sunde

6037 Eidsnes

- Daglegvarer
- Fargehandel
- Jernvare
- Hobbyartikler

Tlf : 70190703 Fax : 70190117



Brødr. Sunde as

Sulaposten

Vi støtter kulturlivet på Sula!

Æ TREBYGG



V/BYGGM. ALFRED LERVÅG

6037 EIDSNES

Tlf/Fax: 70 19 09 52 • Mob.: 909 16 219 - ORG. NO 970 969 217 MVA



VEGSUND SLIP AS

POSTBOKS 9072 VEGSUND, N-6023 ÅLESUND, NORWAY

VI UTFØRER:

- Elektriske installasjoner på skip
- Elektriske installasjoner for industri
- Reparasjon av elektriske maskiner
- Reparasjon av hovedtavler og generatoranlegg
- Prosjektering og dokumentasjon ved ombygging av el. anlegg på skip
- Installasjon og reparasjon av elektriske anlegg i bolig

ALFA

ELEKTRO AS

VEGSUNDBAKKEN 20
6020 ÅLESUND
FAX 70 14 82 30 TLF. 70 14 84 00

SERVICE UTENOM ORDINÆR ARBEIDSTID: 951 10 041 - 951 10 043

Medlem av elektrikerkjeden

norges-llm



I hjertet av Langevåg

Åpent alle dager fra 13:00

- Alle rettigheter
- Mat for alle anledninger
- Bringetjeneste

Din samarbeidspartner på mat og drikke i Sula

Tlf 70 19 19 00 Fax 70 19 19 02
www.vardenvertshus.no post@vertshus.online.no

Super Veteran Klubben



Hans Otto Alf Helge John Leiv Kåre

Dei som i dag framleis utgjer grunnstamma i korpset, er fylt av innsatsvilje og glødande musikkinteresse. Seks av desse veteranane var også med på å starte Musikklaget Ekko i 1953, og er framleis aktive musikantar i jubileumsåret. Det er Hans Otto Lervåg, brørne Kåre og Leiv Hove, og brørne Alf, Helge og John Lervåg. Dei meiner at sidan ein "gryande" start i 1953 har Musikklaget utvikla seg til å bli ein viktig musikk- og kulturfaktor på indre del av Sula. Gjennom aktiv drift i 50 år, har gamle og nye krefter spela på lag, med målet for auge å skape, utvikle, utvide og fornye korpset. Musikklaget Ekko er eit annleis korps i dag enn det var i 1953, - men drivkrafta er den same!

Det gode kameratskapet mellom medlemmane i korpset, familiane og bygdefolket, er viktigaste årsaka til at dei alle er aktive endå.



Musikklaget EKKO 50 år

Mel; "Bamsefars fødselsdag"

Det var ein gong i -53, at tankar blei til handling
Ein gjeng med "kara" fekk i gang ei spelegla` forsamling.
Først dei måtte skaffe seg; horn og bass og trekkbasun,
tromme, tuba og kornett -på øving gjekk det lett.

Musikklaget dei spela opp, i bygda var det glede.
Og fruene dei stilte opp og alle var til stede.
Kake, kaffi, tombola, alle saman villig ga.
Dette gjekk jo kjempebra -for pengar må dei ha.

Musikkens glade tonar har blitt framført mange ganger,
For jamt og trutt har korpset øvd inn store verk og sanger.
Mandag -torsdag øver vi, heime sitter maken bi,
Takk til deira energi -den skaper harmoni.

Med åra har det blitt ein rekkje turar på programmet.
Der alle har vært med og laga mykje fryd og gammen.
Loen, Førde, Fagre Stryn, der fekk vi eit gøyalt syn!
Speler bra i bygd og by -for Ekko har godt ry.

Så mange rike minner gjennom 50 år i laget!
Der spelegleda saman med god humor er ein "slager"
Samhald, vennskap, gode år -ønsker vi att Ekko får
Hipp Hurra for korpset vårt -som fyller 50 år!

Gunn Bente

Alf Lervåg




Alf (72 år) er eldst i ein søskenflokk på fem, der alle dei fire gutane er med i Ekko! Tre av dei var med heilt frå byrjinga. I heimen vaks dei opp med mykje musikk, og Alf fortel at dei var ein harmonisk søskenflokk, der den

eldste bestemte (diktatorisk demokrati)!

Alf er svært opptatt av å føre musikkinteressa vidare til dei unge, og har sidan Solevåg skulekorps starta opp for vel 32 år sidan, vore instruktør der. Det gir han stor glede når andre får til å spele musikk. Samtidig er han svært glad i å utøve musikken sjølv, og stiller gjerne opp med kornetten når nokon spør han om å

spele. Alf framhever at musikk først og fremst er samspel, og at det er fint å vere med på ein aktivitet der ein aldri blir for gamal!

Hans Otto Lervåg




Hans Otto (65 år) seier at å vere med i Ekko gir mykje glede. Han liker godt den fine blandinga av unge og eldre, noko som skaper eit godt miljø. Det dreier seg om å engasjere seg, då får ein vere med å oppleve mykje. Den som ikkje

engasjerer seg, går glipp av mykje. Hans Otto er kjent for sine vitsar og gode replikkar. Han har vore med å skrive tekster, og han har hatt mange morosame roller på underhaldningskveldane til Ekko. "Ja, tenk om eg ikkje hadde blitt med i Ekko – då hadde eg kanskje ikkje fått ei einaste "rolle" i bygda!",

seier han og ler. Turane, moroa, samhaldet og det gode miljøet i Ekko er elles det han set størst pris på.


Kåre Hove



Kåre (76 år) spela trekkspel, og det var naturleg for han å slå seg med då eit korps vart skipa i bygda. I byrjinga var dei svært aktive, og reiste på turar og stemner, og hadde mykje moro saman. Dei som var med i starten, var stort sett på same alder, og at det ikkje var vanleg å reise på turar elles. Sjølv om det kanskje var meir spenning og stemning før, meiner Kåre at direksjonen er mykje betre no. Men drivkrafta er det flotte samhaldet, og det gode miljøet i Ekko. Samt at ein har ein aktivitet som gjer at ein aldri blir for gamal, berre ein

klarar å følgje med på notane!

Helge Lervåg



Helge (69 år) meiner at Musikklaget Ekko er avkopling, glede og framfor alt godt kameratskap. Det er ein fin hobby der ein koplar av, og gløymer alt anna. Då Solevåg skulekorps vart skipa i 1971, vart Helge første dirigenten, og han forlèt ikkje roret før etter 30 år! Og då forsette han som instruktør. Helge meiner at ein må spele musikk som folk flest likar å høyre på. Balansegangen mellom det sosiale og det musikalske i korpset må prioriterast slik at det sosiale kjem høgast. Har ein det kjekt saman, kjem alt det andre nesten av seg sjølv!


John Lervåg



John (67 år) har hatt mykje glede av musikken gjennom 50 år, og har aldri vore lei! Det å vere musiker i Ekko er positivt og inspirerande. John sitt instrument er den store B-bassen.

Samspelet mellom dei unge og dei eldre er viktig for begge partar, meiner han, og vil også gi sin honnør til det gode miljøet i Ekko. John meiar at det å gå på musikkøving, er å kome seg litt ut av den daglege "tralten". Det er kjekt med turane, arrangementa, og sjølv sagt det fine kameratskapet i Ekko.

Leiv Hove



Leiv (74 år) spela allereie gitar saman med storebror Kåre då Ekko vart skipa. Han minnst godt dei åra Ekko hadde problem med øvingslokale, og dei allsidige Ekko-karane støypte kjellargolvet i huset hans, og øvde der

i mange år. Borna la seg om kvelden, og musikk i huset var ikkje noko problem. Det har ikkje alltid vore like kjekt, men Leiv framhever drivkrafta, som er det gode kameratskapet, og dei sosiale samværa med medlemne og bygdefolket. Leiv likar musikk med god harmoni og reint samspel.

Kulturbanken

Sparebanken Møre er distriktets største bank og ein aktiv medspelar i det lokale kulturlivet.

Med 37 kontor i Møre og Romsdal, kjenner vi dei fleste lag og organisasjonar i heile distriktet.



SPAREBANKEN MØRE

Musikklaget Ekko spiller på lag med

**mi musikk
impuls as**

Borgundvn. 68
6021 Ålesund
Tlf./fax 70 13 21 85



Tlf. 70 19 80 20, 92 61 70 72

- Bolighus
- Næringsbygg
- Varmepumper
- Datanettverk
- Antenneanlegg
- Teleinstallasjoner





Rolls-Royce

Rolls-Royce Marine AS

dep. Ship Technology - Nordvestconsult
P.O.Box 826
N-6001 Ålesund, Norway



M I T T E T

Mittet AS framstiller et bredt spekter av produkter basert på syntetisk fiber, hovedsakelig polyester. Av produkter kan nevnes lydabsorbenter, isolasjonsprodukter, himlingsplater, ventilasjonsfilter, fiberpels, vattert metervare til konfeksjonsindustri og møbelindustri, samt ferdigprodukter.



Original varmetøffel

Den originale varmetøffelen er garantert varm for kalde føtter.

Det er lagt stor vekt på at den skal sitte godt på foten, samtidig som den skal være lett å ta av og på. Tøffelen er laget i en klassisk design og sålen er laget av et slitesterkt og mykt materiale med svært god gripeevne. Tøffelen varer i årevis, ikke

minst fordi den kan vaskes på 60 grader når det trengs. En tøffel som gjør det den skal - og litt til.



HELsing TIL 50-ÅRS JUBILANTEN - MUSIKKLAgET EKKO.

Musikklaget EKKO feirar i år sitt 50 års jubileum. I korpssamanheng er 50 år ingen spesielt høg alder, men likevel er det ein stor innsats og prestasjon som ligg bak å halde eit musikkorps i drift i så mange år.

Det er dei mange eldsjelene sitt arbeid som i dag blir feira. Det var som oftast eldsjelene som stod bak når korpsa vart etablert på bygdene våre, og det var dei same som sat i korpsstyra, og kanskje var det og dei som stod for den musikalske leiinga. Det er mange som hevdar at eldsjelene ikkje finnst lenger, men slik er det ikkje. Sjølv om profesjonaliseringa også har nådd korpsa, er det eldsjelene som iherdig står på for å legge forholda til rette og arbeider for å skaffe pengar til instrument og uniformer.

Eg trur ikkje Musikklaget EKKO er annaleis. Korpset har gjennom mange år markert seg med styrke i lokalsamfunnet og er eit verdfullt tilbod til dei som ønskjer å dyrke musikkhobbyen sin. Korpset er også eit aktivum for bygda ved festlege høve, og ved eigne konsertar.

Musikklaget EKKO har også vore med på fylkesplanet på stemner og konkurransar og markert seg positivt.

Som de vil oppleve ved jubileumsfeiringa er det stor stabilitet og engasjement i korpset, noko som stadfestar inntrykket av at det vert lagt vekt på godt miljø og trivsel.

NMF Møre og Romsdal ønskjer Musikklaget EKKO med dirigent, musikarar og støtteapparat, til lukke med 50 års jubileet. Vi ønskjer og lukke til vidare med korpsarbeidet i åra som kjem.

Med helsing

Bjørn Ståle Sildnes
Leiar NMF Møre og Romsdal

Leiarar i Musikklaget Ekko 1953-2003

1953-1957 Johan Solevågseide
1958-1959 Magnar Bjørge
1960 Alf Lervåg
1961 Hans Otto Lervåg
1962 Kåre Hove
1963 Alf Lervåg
1964 Helge Lervåg
1965 Hans Otto Lervåg
1966 Helge Lervåg
1967 Magnar Bjørge
1968 -1969 Helge Lervåg
1970 Kåre Solevåg
1971 -1973 Alf Lervåg
1973-1975 Magnar Bjørge
1975-1976 Leif Ødegård
1976-1977 Magnar Bjørge
1977-1979 Alf Lervåg
1979-1980 Kaspar Bjørkavåg
1980-1981 Kåre Solevåg
1981-1982 Kai Hove Sunde
1982-1983 Magnar Bjørge
1983-1984 Øyvind Hove
1984-1987 Alf Lervåg
1987-1988 Kaspar Bjørkavåg
1988-1990 Hans Otto Lervåg
1990-1991 Audun Bjørge

1991-1992 Alf Lervåg
1992-1993 Roy Lervåg
1993-1994 Øyvind Hove
1994-1996 Øyvind Lervåg
1996-1997 Geir Lervåg
1997-1999 Jarle Lervåg
1999-2000 Alf Lervåg
2000-2001 Gunn Bente Ertesvåg
2001-2002 Odd Arne Lervåg
2002-2003 Harald Gjøsund
2003-2004 Gunn Bente Ertesvåg

Gratulerer EKKO, med dine 50 år!

Solevåg skulekorps har mykje å takke musikantane i Ekko for, i skulekorpset si 32-årige historie.

Vi vil kort nemne all hjelp og støtte vi har fått under øvingshelgane våre og ikkje minst instruktørhjelpa i våre to ukentlege øvingar. I den samanhengen kjem vi ikkje utanom å nemna Helge Lervåg og Alf Lervåg, som har vore utrettelege bidragsytarar i desse åra. Det er fleire som burde blitt nemnd med namn, men for ikkje å gløyme nokon stoppar vi med Alf og Helge. Det skal ikkje vera tvil om at skulekorpset si utvikling også har vore avhengig av dei ikkje namngjevne.

Mykje burde vore sagt i ein samanheng som dette, men alle forstår kor viktig EKKO har vore for skulekorpset. Vi ser derfor fram til eit like godt samarbeid i alle år framover. Tusen takk EKKO, og igjen, Gratulerer så mykje med dine 50 år.

Helsing

Vidar Bjørge
Leiar i Solevåg skulekorps

Nytt hornmusikkorps

Sundag kveld baud det nyskipa hornmusikklaget «Ekko» på Eidsnes, bygdefolket til ei festleg samkome på Bedehuset.



1953

Festen var ein lekk i arbeidet for å skaffe pengar til kjøp av instrument, og programmet baud på musikk av korpset, duettsong av M. Bjørge og J. Solevågseide med tonefylgje av Ole Eidsnes, og opplesing av Olav Lervåg, Per Ramnefjell styrde festen og lærar Tryggestad heldt festtalen.

Musikklaget som er på 18 mann i alder 14–35 år, vart skipa på vårparten i år med Trygve Myrvold som leiar. Dette var fyrste gongen dei spela offentleg, og dei gjorde sine saker so bra at det ikkje var til å tru at det var eit nytt korps, og alle på eit par stykke nær, ikkje hadde vore med i musikklag før. At dei kunne koma so bra i veg på so kort tid, vitnar om ei god leiing og ihuga trott til øving. I matykta vart det seld mange gilde ting, og salet gjekk strykande. Det er å vone at korpset må få gode arbeidstilhøve, og at interessa må vere til stades som no, til hugnad både for bygda og korpset.